# Solund kommune

# Innkalling

| | |
|---|---|
| **Utval:** | FORMANNSKAP |
| **Møtestad:** | Fab 8 Restaurant. Kremmerholmen 43, Fedje |
| **Dato:** | 07.05.2024 |
| **Tid:** | Kl. 09:00 |

Det vert felles formannskapsmøte med Fedje kommune.

**Avreise med båt frå Hardbakke hamn 07.30**.

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå på telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til formannskapet møter etter nærare innkalling

**Solund kommune**
30.04.2024

Gunn Åmdal Mongstad
-ordførar-

Bygdevekstavtale

Til

Formannskapa i

Solund, og Fedje kommunar

25.04.2024

# Felles arbeidsmøte om bygdevekst

I samband med oppstart av bygdevekstarbeidet, vert det gjennomført felles formannskapsmøte for kommunane 7.mai kl.09.00 på Fedje.

Kommunane Solund og Fedje vart i januar saman tatt opp som pilot i Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) sitt treårige bygdevekstprogram.

Målet for ordninga er å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i de minst sentrale deler av Distrikts-Norge. Dette skal ein gjere gjennom forpliktande avtalar mellom kommunane og statlege/regionale organ der ein prøver ut nye løysingar/modellar for samarbeid.

Det er løyvd 2 mill til gjennomføring av fase 1 i 2024 og 2025.

I fase 1 skal me førebu underlaget til eit konkret forslag til avtale med staten, i dialog med relevante samarbeidspartnar. Det er KDD som koordinerer arbeidet på vegne av regjeringa.

Regjeringa sine forventningar til fase 1 kjem fram i tildelingsskrivet, vedlegg 5.1 i denne innkallinga.

I arbeidsmøte den 7. mai skal me m a drøfte dei tema som er omtala i prosjektsøknaden med tanke på å få fram problemstillingar som kan vere særleg interessant å arbeide vidare med i fellesskap. Då med tanke på moglege nye løysingar som kan ha overføringsverdi til andre kommunar.

- Framtidsretta næringsutvikling
- Samferdsle
- Bustadutvikling
- Rekruttering

I denne prosessen er vi råda til å ikkje gå for breitt ut og heller prøve å definere nokre få satsingsområde.

Vi kjem vidare til å drøfte den vidare prosjektet og korleis arbeidet skal organiserast.

Så blir det også kjekt å bli betre kjende, og vi har god tru på at dette samarbeidet vil vere nyttig for begge kommunane framover!

Me ser fram til eit godt møte, og ser fram til å møte dykk alle.

Med helsing

Ordførar Fedje kommune

Ordførar Solund kommune



FEDJE KOMMUNE

Solund kommune

## Vedleggs oversikt til møteinnkalling til arbeidsmøte 7. mai med formannskapet i Solund og Fedje kommune.

1.1 Invitasjonsskriv /innkalling med informasjon om bakgrunnen for prosjektet.

2.1 Program

3.1 Søknad

3.2 Vedlegg til søknad

4.1 Politiske vedtak i Solund kommune

4.2 Politiske vedtak i Fedje kommune

5.1 Tildelingsbrev

6.1 Informasjon om Fedje, sjå film https://youtu.be/UjlVIEZ1-Bo?si=-dvbi4pwuMk044U2

6.2 Informasjon om Solund, sjå film https://youtu.be/1byEX_krb8I?si=Gm-GtI-jLdcfSjY1

Solund kommune FEDJE KOMMUNE

Møte med formannskapet. Bygdevekstavtalen mellom Fedje og Solund kommune

7. mai. Kl. 09.00 -15.00 på Fab 8 Restaurant, Kremmerholmen 43 på Fedje.

Program

| | | |
|---|---|---|
| **Kl. 09.00** | **Velkommen til møte.** | **5 min** |
| Kl. 09.05 | Presentasjonsrunde av begge formannskap | 10 min |
| Kl. 09.15 | Presentasjon av prosjektorganisasjon | 10 min |
| Kl. 09.25 | Introduksjon av kommunane , v/ordførarar | (30 min) |
| | • Fedje | 15 min |
| | • Solund | 15 min |
| **Kl. 09.55** | **Pause** | **5 min** |
| **Kl. 10.00** | **Informasjon om prosjektet** | **45 min** |
| | • Bygge forankring og forståing, politisk, v/ordførarar | |
| | • Orientering om organisering av prosjektet | |
| Kl. 10.45 | VISJON i prosjektet – langsiktig gevinst, v/ordførarane | 15 min |
| | • Moderne, robuste, dynamiske og framtidsretta kommunar | |
| | • Drøfting | |
| Kl. 11.00 | Bolkar med diskusjon omkring dei fire hovudtema vi føreslo i søknaden | |
| | • Framtidsretta næringsutvikling | |
| | • Samferdsle | |
| | • Bustadutvikling | |
| | • Rekruttering | |
| **Kl. 11.30- 12.15** | **Lunsj** | **45 min** |
| Kl. 12.15 | Bolkar med diskusjon omkring dei fire hovudtema vi føreslo i søknaden | |
| | • Framtidsretta næringsutvikling | |
| | • Samferdsle | |
| | • Bustadutvikling | |
| | • Rekruttering | |
| **Kl.13.30** | **Pause** | **5 min** |
| Kl. 14.45 | Oppsummering og vegen vidare | 10 min |
| Kl. 14.45 | Eventuelt. Høyringsuttale redusert studietilbod Austrheim vgs. | 5 min |
| **Kl. 15.00** | **Avslutning - Tusen takk for møte** | |

FEDJE KOMMUNE

Solund kommune

# Søknad – Bygdevekstavtaler 2023

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Søknadsnr.** | 2023-0051 | **Søknadsår** 2023 | | **Arkivsak** |
| **Støtteordning** | Bygdevekstavtaler | | | |
| **Prosjektnavn** | Utarbeiding av bygdevekstavtale for Solund og Fedje kommunar i Vestland Fylke | | | |

**Kort beskrivelse**

Fedje og Solund kommunar i Vestland fylke søker om midlar til å førebu ein bygdevekstavtale med staten.

Basert på nedadgåande utviklingstrekk over tid så ynskjer vi å sjå på:

- framtidretta næringsutvikling basert på våre fortrinn sett i samanheng med regionale og nasjonale planar

- betring av infrastrukturen til øysamfunna våre

- rekruttering av riktig kompetanse og lokale kompetansehevingingstiltak

- bustadutvikling øykommunar i distriktet ei ny tid.

## Kontaktopplysninger

| Funksjon | Navn | Adresse/poststed | Mobil |
|---|---|---|---|
| **Prosjekteier** | Solund kommune<br>Org.nr:964967458<br>jens-eivind.kobbeltvedt@solund.kommune.no | Hardbakke 26<br>6924 HARDBAKKE | 95814300 |

## Prosjektbeskrivelse

**Bakgrunn**

Det vert vist til vedlegg.

Dei politiske sakene ligg som lenker under punkt 1.6 Samarbeid mellom Solund og Fedje, i vedlegget.

**Aktiviteter fase 1**

Det vert vist til vedlegg.

**Samarbeidspartnere**

Det vert vist til vedlegg.

**Prosjektorganisering**

Det vert vist til vedlegg.

**Tids-/milepælsplan**

Startdato: 01.09.2023 Sluttdato: 30.10.2024 Er milepælsplan vedlagt søknaden: Ja

## Kostnad-/finansieringsplan

### Kostnadsplan

| Tittel | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eigeninnsats - ikkje talfesta | | | | | | 0 |
| Ref.Vedl. pkt. 2.2 Prosjektarbeid fase 1 - Økonomi | 300 000 | 1 700 000 | | | | 2 000 000 |
| **Sum kostnad** | **300 000** | **1 700 000** | | | | **2 000 000** |

## Geografi

4633-Fedje, 4636-Solund

## Vedleggsliste

| Dokumentnavn | Filstørrelse | Dato |
|---|---|---|
| Vedlegg søknad om bygdevekstavtale 23.06.23.pdf | 629 063 | - 23.06.2023 - |

Solund kommune

FEDJE KOMMUNE



# Søknad om bygdevekstavtale

## Solund og Fedje kommunar

23. juni 2023

















Solund kommune FEDJE KOMMUNE

# Innhold

1. Innleiing ... 3
1.1 Om Solund og Fedje kommunar ... 3
1.2 Befolkning ... 4
1.2 Næringsutvikling og pendling i Solund og Fedje kommunar ... 6
1.4 Kjende utviklingstrekk, utfordringar, særtrekk og mogelegheiter i regionen ... 10
1.5 Kommuneplanen sin samfunnsdel ... 11
Solund ... 11
Fedje ... 11
1.6 Samarbeid mellom Solund og Fedje ... 11
2. Prosjektbeskriving ... 12
2.1 Mål for prosjektet ... 12
2.2 Prosjektarbeidet fase 1 ... 12
Aktivitetar ... 12
Samarbeid ... 13
Kritiske suksessfaktorar ... 14
Prosjektorganisering ... 14
Økonomi ... 14
Tidsplan ... 14
2.3 Om fase 2 ... 15
Konkretisering av tema i fase 2 ... 15
Resultatmål av fase 2: ... 18
Effektmål av fase 2: ... 18

***Framside foto:***

Pollatinden - Dronningfjellet, Solund. © Anne Kristine Dyrdal.
Fedje. © Visit Bergen.
Fedje. © Fedje - landsbyen i havet.
TB Bison. © Bukser og berging.
Hellisøy fyr, Fedje. © Feddie Distillery.
Hardbakke, Solund. © Valldal Fjord Lodge.
MS Sulebas. © Skipsrevyen.
Lågøystolane, Solund © Sverre Hjørnevik.
Solund Verft © Solund verft.

# 1. Innleiing

## 1.1 Om Solund og Fedje kommunar




Kommunane Fedje og Solund er nabokommunar i Vestland fylke, med felles kommunegrense i sjøområda. Det er mange fellestrekk mellom kommunane knytt til infrastruktur, geografi og potensiale i næringsgrunnlag. Begge kommunane tilhøyrer sentralitetsklasse 6 og er reine øykommunar som er avhengig av ferje eller båt for å få tilgang til eit rekkje tenester meir sentrale strøk. Det er dårlege kommunikasjonar knytt til å vere del av ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion og generell svak samfunnsutvikling/næringsutvikling. Kommunane forvaltar lange strekningar med strandsone og store sjøområde. Busetjinga er derimot ulik i kommunane, der Fedje har fast busetjing på ei øy, har Solund fast busetjing på femten øyar, der ein del er utan veg eller brusamband med kommunesenteret.

Vi ynskjer å arbeide for bulyst i kommunane våre. Vi meiner at vi har viktige verdiar å tilby som storsamfunnet ikkje har. Vi er «diamantar» for det gode liv. Vi slit med å få dette fram – å bygge omdømme og gi informasjon til folk som ynskjer eit enkelt, berekraftig og roleg liv tett på naturen, og med gode sosiale band. Einsemd er noko av det mest krevjande samfunnet står over framover. Her er vi rusta betre enn dei store kommunane. Berekraftsmål nr 17 er enkelt å gjennomføre hjå oss – heile samfunnet løftar i lag – kommune, næringsliv, frivillige lag og diverse eldsjeler.

Det er mange i kommunane våre som er veldig glade i og stolte av lokalsamfunnet vårt, som bur her og som ynskjer å etablere seg og skape gode liv for seg og sine, hos oss. Det blir gjort mykje, ein får til mykje og det blir skapt store verdiar, så det er ingen grunn til «å stå med lua i hand» ovanfor storsamfunnet. Det er likevel slik at det ikkje er vekst i samfunna våre. For å handtere situasjonen med ei auke i behov og mindre økonomisk handlingsrom treng vi gode grep for å sikre verdiskaping, inntekt og gjere nødvendig omstillingar, som gjennom ein bygdevekstavtale. Det er mykje engasjement og ressursar i desse lokalmiljøa og i folka her. Ein bygdevekstavtale kan nyttast til å sette dette engasjementet og desse ressursane i system.

Det er avgjerande for våre kommunar å stabilisere folketalet og kanskje å auke det. Å handtere demografisk utvikling vil bli heilt nødvendig framover viss vi skal klare å levere likeverdige tenester til innbyggjarane våre. Omstilling er eit anna grep der vi må utforske nye måtar å løyse oppgåvene på for å kunne gi same tilbod eller betre enn dei store kommunane.

Begge kommunane har eit sårbart næringsliv knytt til endringar i rammene, og har stort behov for at det blir lagt godt tilrette. Begge kommunane har meir og mindre verksemder knytt fiskeri, havbruk og

sjøfart, naturleg tilgrensande næringar og reiseliv. Solund kommune er sterk på akvakultur og fiske, verft og mekanisk industri. Tradisjonelt har Fedje hatt mykje fiskeri, fiskeforedling og mekanisk industri, men alle desse næringane er no borte. Fedje kommune har mista den store aktiviteten knytt til desse næringane på grunn av rasjonalisering og manglande stordriftsfordelar. Både Fedje og Solund er ein god stad for akvakultur på grunn av at ein unngår dei store utfordingane knytt til miljø og ureining som Vestlandsfjordane slit med, men det kan syne seg vanskeleg å få realisert areal i kommuneplanen. Havbruksfond, blant anna, er særs viktig for den økonomiske situasjonen i kommunane. Rammevilkår og utvikling av dette fondet er avgjerande for at kommunane skal halde opp eit akseptabelt nivå på tenestene. Fedje kommune ynskjer å realisere areal som ligg i kommuneplanen, og som det er motsegn til, og i tillegg sjå på moglegheiter for nye areal i rulleringa av arealdelen av kommuneplanen.

Infrastruktur er ei utfordring når kommunen er ei øy. Vi er heilt avhengig av båt/ferjetransport. Det er to problemstillingar knytt til dette. Den eine er regularitet. Vi blir veldig sårbare når ferja/båten ikkje går. Dårleg vêr kan ingen gjere noko med – men tekniske problem, grunnstøyting, erstatningsbåt/ferje og spesielle vêrfenomen, som tåke, gir store utfordingar. Det gjer at innbyggjarar er usikre på om dei kan planlegge turen, og slike uføresette hendingar gjer at folk vel å flytte. Det blir ei psykisk belasting. Den andre utfordringa er at vi treng utvikling av nye transportruter for å bli innlemma i ein regional bu og arbeidsmarknadsregion. Her har vi gått i dialog med fylkeskommune utan å komme vidare. Det viktigaste argumentet deira er at kostnadane blir for høge. Viss vi hadde hatt pendlarruter til Øygarden/Mongstad/Sløvåg/Hyllestad/Gulen/ Fjaler så ville dette opna ein ny bu og arbeidsmarknadsregion.

Ei problemstilling som er avgjerande for vekst og utvikling i våre kommunar er bustadbygging. Private bygger ikkje fordi dei låser kapital som dei ikkje får gevinst på, slik dei får i tettbygde strøk. Dei profesjonelle utbyggjarane ser ikkje gevinst i å utvikle bustadområde i kommunane våre. Kommunen må drive all tomte- og bustadutvikling sjølv. For å ha eit fortrinn treng vi attraktive tomtar, med utsikt, og nær sjø. Strenge plangrep gjer det vanskeleg å bygge i LNF og strandsone, og det er vanskeleg med å få omregulert attraktive LNF-areal til bustad, eller næring for den del. Her er kommune og regionalt nivå ueinige i kva som er regionale og nasjonale interesser.

## 1.2 Befolkning

Begge kommunane har hatt folketalsnedgang dei siste åra (tabell 1), demografiutviklinga visar ein aldrande befolkning (tabell 2, 3 og 4).

| | 1998K1 | 2013K1 | 2018K1 | 2023K1 | %-vis endring 1997-2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Fedje** | 672 | 569 | 561 | 513 | -23,7 |
| **Solund** | 1024 | 842 | 807 | 756 | -26,2 % |

*Figur 1 Endringar i befolkninga i løpet av kvartalet, for kommunar, fylke og heile landet (K) 1997K4 - 2023K1. Kjelde SSB Tabell 01222. https://www.ssb.no/statbank/table/01222/*

Befolkningsutviklinga og demografien i kommunane er nokså lik som ein ser i tabell 1 og 2.



*Figur 2 Befolkning.. Kjelde SSB Tabell 07459.* [*https://www.ssb.no/statbank/table/07459/*](https://www.ssb.no/statbank/table/07459/)

I tabellen under er 1 gjennomsnitt for landet. Tal eittåringar er som ein ser under landsgjennomsnittet i begge kommunane. Fedje har 50 % av gjennomsnittet, medan Solund ligg på 79 % av landsgjennomsnittet. Tal eldre er vesentleg høgare enn gjennomsnittet i landet for aldersgruppene 67-79 år, 80-89 år og 90+ år, der tala ligg på 156% - 260 %.




*Figur 3 Tabell E-k: Indeks for berekna utgiftsbehov for kommunane 2023. Kjelde Grønt hefte, s. 239:* [*https://www.regjeringen.no/contentassets/744de1ad6f0f4df09311c33edd01ae99/2023/gront-hefte-2023.pdf*](https://www.regjeringen.no/contentassets/744de1ad6f0f4df09311c33edd01ae99/2023/gront-hefte-2023.pdf)

Figuren under visar SSB si framskriving av gjennomsnittleg alder i kommunane.







*Figur 4 og 5: Regionale befolkingsframskrivingar 2020 og 2050 - Del 70 år og eldre. Kjelde: SSB:* [*https://ssb1.maps.arcgis.com/apps/MapSeries/index.html?appid=8feeedde1c2a40aa99cc5f0a3bc7fb13*](https://ssb1.maps.arcgis.com/apps/MapSeries/index.html?appid=8feeedde1c2a40aa99cc5f0a3bc7fb13)

## 1.2 Næringsutvikling og pendling i Solund og Fedje kommunar

Næringslivet i dei to kommunane er prega av geografien, ressursane i kommunane og nærleiken til havet. Næringane som går igjen er fiske, havbruk, transport, besøksnæring, verkstadindustri og landbruk i varierande grad, i tillegg til offentleg tenesteyting. Besøksnæringa sysselset i stor grad som ei binæring saman med anna arbeid – det som vi på kysten kallar «mangesysleri», ei vidareutvikling av kombinasjonsyrket fiskarbonde. Besøksnæringa kjem difor ikkje fram i statistikken, men er kjent av lokalkunnskap.







*Figur 6, 7 o*
[*https://ww*](https://ww)




*Figur 9 Sysselsette per 4. kvartaal, etter region, alder, satistikkvarial og år. Kjelde: SSB tabell 11616:* *https://www.ssb.no/statbank/table/11616/tableViewLayout1/*




*Figur 10 Utvikling av tall arbeidsplassar i Solund indeksert slik at nivået i 2000=100, relativt til indeksen for Norge. Kjelde:* *https://2020.regionalanalyse.no/distrikt/4636/all*




*Figur 11 Utvikling av antall arbeidsplasser i Fedje indeksert slik at nivået i 2000=100, relativt til indeksen for Norge. Kjelde: Regional analyse: [https://2020.regionalanalyse.no/distrikt/4633/all](https://2020.regionalanalyse.no/distrikt/4633/all)*




*Figur 12 Visualisering av pendling ut av Solund kommune i 2021. Kjelde: Statistics Norway: [https://statisticsnorway.shinyapps.io/pendling/](https://statisticsnorway.shinyapps.io/pendling/)*




*Figur 13 Visualisering av pendling ut av Fedje kommune i 2021. Kjelde: Statistics Norway:* [*https://statisticsnorway.shinyapps.io/pendling/*](https://statisticsnorway.shinyapps.io/pendling/)




*Figur 14 Befolkninga sitt utdanningsnivå. Kjelde: SSB Tabell 09429:* [*https://www.ssb.no/statbank/table/09429/chartViewPopulationPyramid/*](https://www.ssb.no/statbank/table/09429/chartViewPopulationPyramid/)

## 1.4 Kjende utviklingstrekk, utfordringar, særtrekk og mogelegheiter i regionen

Solund kommune har i sin samfunnsdel[1] peika på ei rekkje utviklingstrekk som kan truleg kan seiast å vere trend i tida og i mange tilfelle regionale:

- Globalisering og sentraliseringstrend.
- Aukande mobilitet.
- Fleire eldre enn yngre.
- Fleire menn i distriktet enn kvinner.
- Motstridande interesser knytt til sjøen.
- Forventning om urbane kvalitetar også i bygdene.
- Endring i samferdsla.
- Klimaendringar.

Vestland fylkeskommune peikar på hovudutfordringar[2]:

- Klimaomstilling.
- Balansert areal- og naturressursbruk.
- Gode transportsamband og smart mobilitet.
- Grøn konkurransekraft.
- Digitalisering va samfunnet.
- Relevant kompetanse og kunnskap.
- Attraktive stader og gode nærmiljø..
- Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
- Likeverdig samfunn.
- Ungdom – trivsel og tilhøyre.

Vestland Fylkeskommune peikar på særtrekk i Nordhordland og HAFS (sjå fotnote 2):

- Folketalsnedgang, låg del unge.
- Gode skuleresultat.
- Styrke innan marin og maritim næringsverksemd som kan utviklast.
- Utsett for stormflo og skred.
- Liten tilgang på høgfrekvent kollektivtilbod.
- Utfordrande vegtransport.
- Aktivt kultur- og idrettsliv.

I grøn region Vestland sin Vestlandsportefølje[3] vert det peika på ei lang rekkje forretningsmogelegheiter, som til dømes:

- Havbasert oppdrett.
- Utvikle oppdrett av nye arter og planter globalt.
- Landbasert fiskeoppdrett.
- Mesopelagisk fiskeri og teknologi.

[1] https://www.solund.kommune.no/_f/p1/i7df5c1ad-85bf-46ae-a487-5290dccd68bd/2019-kps-samfunnsdel-solund-vedteken.pdf
[2] https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regional-planstrategi/vestland---utfordringar-for-fylket-og-komunane.pdf
[3] https://www.vestlandfylke.no/globalassets/innovasjon-og-naringsutvikling/gron-region-vestland/gron-region_vestlandsportefoljen_endelig.pdf

- Grøn hamn og skipsfart.
- Berekraftig reiseliv.

Mange av desse forretningsmogelegheitene er også peika på i Havbruksstrategien – Et hav av muligheter[4], og NOU 2023: 10 Leve og oppleve – Reisemål for en bærekraftig fremtid[5].

## 1.5 Kommuneplanen sin samfunnsdel

### Solund

Solund kommune vedtok sin samfunnsdel i 2020 etter ein grundig og god prosess. Ein har erfart ved bruk av planen at det bør vurderast å revidere planen i samband med vedtak av kommunal planstrategi, for å implementere nokre tema og tydeleggjere nokre tema for å sikre eit godt styringsdokument. Lenke til gjeldande plan: https://www.solund.kommune.no/_f/p1/i7df5c1ad-85bf-46ae-a487-5290dccd68bd/2019-kps-samfunnsdel-solund-vedteken.pdf

Solund kommune sine prioriteringar i samfunnsdelen 2020 er:

- *Bruk og vern av sjøareala* - Målet er å setje av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring som nyttar det framtidige potensialet som ligg i lovverk og teknologi.
- *Bruk og verna av kystlandskapet* - Målet er å ta vare på og bruke mangfaldet i kystlandskapet på ein langsiktig og berekraftig måte.
- *Varierte bustader og bukvalitetar* - Målet er å auke variasjonen av bustadtypar og styrke bukvalitetane i eksisterande grender og knutepunkt.
- *Mangfaldig næringsliv og fleire arbeidsplassar* - Målet er auka næringsutvikling, meir mangfald i næringsliv og fleire arbeidsplassar.
- *Gjere Solund synleg* - Målet er å vise fram det kreative og skapande moderne samfunnet Solund og det kontinuerlege utviklingsarbeidet som skjer.

I tillegg er det målsettingar på temaa oppvekst, alderdom, helse og omsorg heile livet, folkehelse, kultur- og fritidstilbod, arealbruk, samferdsle og infrastruktur, klimaomstilling , trygt samfunn, godt forhold til naboane og god kommunal drift.

### Fedje

Fedje kommune sin kommuneplan går ut i 2024 og det vert planlagt rullering av denne. Fedje vil føreslå ein plan som gjeld både samfunnsdel og areal. Dette vil vere sentralt i ein bygdevekst avtale.

Fedje er også deltakar i samarbeidet om ein interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland. Den interkommunale planen skal no til 3. gongs høyring. Det har vist seg vanskeleg å finne løysingar som regionalt nivå kan akseptere. Lenke til sak om interkommunal plan for sjøareal I Nordhordland: https://innsyn.sing.no/Fedje/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2020000314&

## 1.6 Samarbeid mellom Solund og Fedje

Det er samarbeid mellom kommunane i dag gjennom fleire samarbeid og selskap som har utgangspunkt i Bergen og Nordhordland, som renovasjon, NAV, politi, Eviny, IUA Bergen, for å nemne noko.. I tillegg kjem øykommunesamarbeidet.

---

4 https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/havbruksstrategien-et-hav-av-muligheter/id2864482/?ch=1
5 https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-10/id2968657/?ch=4

Vi ser at utan samarbeidspartnarar blir det vanskeleg å snu utviklinga. Fedje og Solund har hatt eit veldig godt samarbeid knytt til legetenesta. Vi har no ei ordning som er god og ser ut til å være stabil. Vi ynskjer å vidareutvikle samarbeidet og hjelpe kvarandre i å få ei god og berekraftig utvikling i kommunane våre. Begge kommunane har lege i nordsjøturnus. Fedje har fått bistand frå Solund til å etablere ordninga. Det kan bli aktuelt sjå på andre faggrupper innan helse for å finne nye løysingar på rekrutteringsutfordringane.

Både Fedje og Solund søkte om opptak til bygdevekstavtale i fjor, i eit samarbeid, men med kvar sin søknad. I år søkjer vi saman. Begge kommunane har difor eit politisk vedtak frå i fjor, men ikkje av årets søknad. Politisk vedtak på sjølve søknaden ettersendast, jamfør tidsplan lenger bak.

Lenke til Solund kommune si politiske sak av 2022:
https://www.solund.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2022003157&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=10636&

Lenke til Solund kommune si politiske sak av 2023:

https://www.solund.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2022005591&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=10636&

Lenke til Fedje kommune si politiske sak av 2022:

https://innsyn.sing.no/Fedje/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021010508&

# 2. Prosjektbeskriving

## 2.1 Mål for prosjektet

Målsettinga for fase 1, fram til 30. oktober 2024, er å etablere ei organisering, engasjere ein prosjektleiar, tydeleggjere prosjektet, og etablere ein avtale med staten og aktuelle samarbeidspartnarar. I tillegg må kommunane komme lengst mogeleg i revisjon/rullering av kommuneplanen i tråd med kommunal planstrategi. Solund kommune skal komme lengst mogeleg i revisjon av samfunnsdelen, og Fedje kommune skal gjere vedtak om rullering av samfunnsdelen/ arealdelen av kommuneplanen som går ut i 2024.

Målsettinga for fase 2 er å legge til rette for og skape utvikling i kommunane basert på dei lokale fortrinna som Solund og Fedje har. Utviklinga skal vere økonomisk, miljømessig og sosialt berekraftig, og skal bidra til auka aktivitet, trivsel, framtidstru og rekruttering. Særprega til lokalsamfunna skal takast vare på. I dette arbeidet ynskjer vi å fokusere på framtidsretta næring, infrastruktur, rekruttering og bustadutvikling.

## 2.2 Prosjektarbeidet fase 1

### Aktivitetar

Aktivitetar i fase 1 i prosjektet:

- Forankring og politisk vedtak i kommunestyra på endeleg søknad.
- Etablere styringsgruppe.

- Engasjere prosjektleiar.
- Inngå avtalar med aktuelle samarbeidspartnarar.
- Definere målkriteria.
- Avklare forventningar og roller mellom kommunane, mellom administrasjon og politisk nivå, og mellom samarbeidspartnerane.
- Kartlegge kva moment som har størst potensiale for vidareutvikling innan kvart av temaa framtidsretta næring, infrastruktur, rekruttering og bustadutvikling.
- Studietur basert på resultat av kartlegginga.
- Planlegge og gjennomføre medverknad og dialog med interessentar; grunneigarar, innbyggjarar, næringsliv, m.m.
- Spisse strategiane og tiltaka til fase 2.
- Kartlegge stimuleringstiltak som passar inn i prosjektet sin fase 2.
- Signere bygdevekstavtale med staten og regionale mynde.
- Revisjon av samfunnsdel:
    - Solund: Revidere kommuneplanen sin samfunnsdel jamfør kommunal planstrategi 2023 – 2026 og plan- og bygningslova.
    - Fedje: Revidere kommuneplanen sin samfunns- og arealdel jamfør føringar i planprogram, og plan- og bygningslova.

## Samarbeid

Ein kommune kan ikkje utvikle lokalsamfunnet åleine. Kommunen er heilt avhengig av både regional og lokal hjelp til dette. Det er difor avgjerande at ein har med både regionale styresmakter og dei lokale aktørane, næringsliv, grunneigarar, innbyggjarar og frivilligheita med på dette prosjektet. Dersom ein får til ein god prosess, der alle interessentar får delta, så vil ei få til eit betre prosjekt der meir kunnskap, engasjement og gjennomføringsevne kjem inn i prosjektet. Og på denne måten vert prosjektet forankra hos interessentane på same tid. For å få dette til å fungere i praksis må det ligge omforeinte målsettingar i botnen.

Fedje og Solund kommunar har hatt dialog med Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune om bygdevekstavtale.

Fedje kommune har eit lokalt samarbeid med blant anna Feddie AS som satsar på Fedje med whisky og gin kopla til reiseliv/opplevingar. I tillegg søkjer Fedje kommune om å bli med i Bergen og omland friluftsråd for å utvikle naturbaserte aktivitetar. Fedje samarbeider med fylkeskommunen i LivogLyst og utvikling av friluftsliv. Kommunen har vedteke å gå inn i eit 5-årig prosjekt med Industriutvikling Vest som er støtta mellom anna av SIVA. Kommunen er aktiv i regionrådet, mellom anna knytt til reiseliv og Biosfæreområdet (UNESCO). Fedje kommune har prosjekt "prøvebu Fedje" saman med lokalt reiseliv.

Solund kommune har etablert samarbeid med fiskerinæringa i kommunen knytt til prosjekt for felles fiskerihamn, i tillegg til å ha jamlege reiselivforum med reiselivet i kommune og samrådingsmøte med Solund Næringssamskipnad[6]. Solund kommune er medlem av og vertskap for Fjordande Friluftsråd. Solund kommune samarbeider med Vestland fylkeskommune på tema som til dømes næringsutvikling i utsette område, friluftsliv, ro- og padleruter, og program for folkehelse. Solund kommune er medlem av Fjordkysten regional- og geopark.

---

[6] Solund Næringssamskipnad er interesseorganisasjonen for bedrifter i Solund.

## Kritiske suksessfaktorar

- Riktig prosjektorganisering som fungerer for alle interessentar.
- Prosessleiing tilpassast godt til prosesstega.
- At det vert vekka engasjement rundt prosjektet blant interessentane, og at dette vert opplevd som nyttig slik at ein beheld engasjementet.
- At det er tilstrekkelege ressursar til å følgje opp prosjektet, også utover prosessleiar.

Kvalitetssikring vert sikra med jamlege møte mellom prosjektleiar og prosjektansvarleg, oppfølging av tids- og milepåleplan og vurderingar undervegs.

## Prosjektorganisering

Prosjektansvarleg – Solund og Fedje kommunar
Prosjektleiar – Skal engasjerast.
Styringsgruppe – Ordførarane i kommunane, og representant frå Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune.
Prosjektgruppe – Administrativt tilsette i kommunane.

Det er prosjektleiar som har ansvar for framdrifta i prosjektet, og koplar på ressursar frå kommunane ved behov.

## Økonomi

Det er behov for å tilsette ein prosjektleiar for å leie prosjektet. Det vil også vere behov for å frikjøpe ein del interne ressursar i dei to kommunane, tilsvarande minimum 25 % samla i kommunane. Det er behov for ei kartlegging for å finne nøyaktig kva som bør vere satsingsområde for kvart av dei tre temaa. Vidare er det behov for ymse møte, studietur og reiser. For å sikre at får størst moglege medverknad vil informasjon vere viktig i prosjektet.

| **Tiltak** | **Kostnad kr. 2023 - 2024** |
|---|---|
| Prosjektleiar 100 % lønn og sosiale utgifter | 950.000 |
| Reiser, studietur (prosjektleiar og styringsgruppe) | 150.000 |
| Informasjon; sosiale nyheiter og trykt informasjon | 50.000 |
| Møter | 100.000 |
| Ekstern rådgjeving - kartlegging | 500.000 |
| Internt frikjøp – 25 % - utgreiingar | 250.000 |
| **Total søknadssum** | **2.000.000** |

I tillegg vil det komme ein betydelege eigeninnsats i medverknadsprosessen, sakshandsaming og møte. Denne er ikkje talfesta.

## Tidsplan

Tidsplanen vert sett i tråd med dei fristar som er sett. *) MP = milepåle

| **Frist** | **Aktivitet** | **MP*)** |
|---|---|---|
| 23. juni 2023 | Søknad på ordning for bygdevekstavtale. | MP |
| 31. oktober 2023 | Vedtak av søknad i kommunestyra. | MP |
| 15. november | Etablering av styringsgruppe. | |
| 1. januar 2024 | Tiltreding av prosjektleiar. | |
| 1. februar 2024 | Avklarande møte internt, mellom kommunar og med regionale mynde. | |

| | | |
|---|---|---|
| 1. april 2024 | Vedtak om høyring av kommunal planstrategi. | MP |
| Vår 2024 | Kartlegging av potensiale, medverknadsprosessar, studietur. | |
| 1.september2024 | Spisse strategiar og tiltak. Kartlegge stimuleringstiltak. | |
| 20. oktober | Politisk handsaming av framlegg til avtale. | MP |
| 30. oktober 2024 | Signere avtale med staten og regionale mynde. | MP |
| 31. oktober 2024 | Vedtak av kommunal planstrategi og eventuelt planprogram til samfunnsdelen. | MP |

Prosess for kommuneplanen er teken ut av tidsplanen, då prosessane for desse planane vil vere ganske ulik, tidsmessig i Solund og Fedje.

## 2.3 Om fase 2

### Konkretisering av tema i fase 2

Vi trur at trivsel og lysta til å bu ein plass handlar om mange ting; ein stad å bu, arbeid, tenestetilbod, fritidstilbod og gode relasjonar. Det er også viktig at det skjer ei utvikling. Dette skaper trivsel. Det er ikkje alle desse temaa som er aktuelle for ein bygdevekstavtale, nokre tema står Solund og Fedje ganske ulikt på, og nokre tema er vi rett og slett gode på. Det er med bakgrunn i dette at vi har landa på temaa som opplevast som overvekt mot næringsorientering, men alt dette heng saman. Fleire arbeidsplassar og auka rekruttering betyr at det må vere fleire tilgjengelege bustader, og kanskje det blir fleire innbyggjarar. Dette fører til fleire relasjonar, auka teneste- og aktivitetstilbod i lokalsamfunna og auka trivsel. Og infrastrukturen er sjølve grunnmuren for alt vi driv med i havgapet. Alle temaa vert arbeida med i dag, men Fedje og Solund er små kommunar som ikkje har ressursar til å jobbe effektivt og planmessig nok med slike saker i dag. Og Fedje og Solund er ikkje unike som øykommunar i Norge, med dei utfordringane dette fører med seg. Det er difor nyttig å kunne samarbeide også med liknande øykommunar utanfor Vestland fylke, til dømes gjennom øykommunesamarbeidet.

Mogelegheitene som ligg i dei nye nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027 vil vere eit avgjerande rammeverk i bygdevekstavtalen[7], og i utviklinga av Solund og Fedje framover.

Strategiar/ tiltak som går på tvers av dei konkrete temaa:

- Bruke medverknadsprosessane til å skape engasjement, kartlegge ressursar i lokalsamfunnet og sette dette i system.
- Bidra til at øykommunesamarbeidet er aktivt og vitalt.

#### *Framtidsretta næring*

Solund og Fedje kommune ynskjer å kartlegge kva potensiale som ligg i desse to kommunane opp mot satsingane på regionalt nivå for fiskeri og havbruk, og naturleg tilgrensande næringar. Kommunane ynskjer også å sjå på potensialet som ligg i berekraftig reiseliv. Det er innan desse næringane vi opplever er våre særskilde fortrinn, og Solund kommune har allereie ein dialog med Vestland fylkeskommune om framtidsretta næringsutvikling. I samband med arealplanlegging kan

[7] https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20232027/id2985764/

alle regionale myndigheiter vere aktuelle som samarbeidspartar. Temaet kan gje raske resultat i form av tilrettelegging for framtidsretta næring, til dømes ved tilrettelegging av næringsområde.

Fedje byggar seg no opp med reiseliv som den viktige næringa framover. Her ligg det eit stort potensiale som ikkje er nytta. Solund og Fedje kan bli viktige «perlar» for ei berekraftig reiselivsutvikling på Vestlandet. Kommunane har ei viktig rolle som tilretteleggjar for utvikling av reiselivet. Det er no private aktørar som ynskjer å satse og investere og difor er det heilt sentralt at kommunane kan følgje opp, spesielt med omsyn til areal. Begge kommunane har potensiale for å sette lokalt reiseliv på kartet internasjonalt og bygge opp om Vestlandet som Noregs viktigaste reisemål.

Vi manglar kompetanse og økonomiske midlar til å leggje til rette for næringsutvikling; både til infrastruktur, planlegging og investeringar. Desse oppgåvene er ikkje lovpålagde og det er vanskeleg å prioritere i eit stramt budsjett. I dette prosjektet ynskjer vi å dra nytte av kvarandre sine erfaringar og hjelpe kvarandre i den vidare utviklinga av desse næringane.

Aktuelle tiltak/strategiar:

- Revisjon av arealdelen til kommuneplanen - Etablere nye sjønære areal og område for akvakultur. Utforske potensialet i fleirbruksområde.
- Legge til rette for, finne synergiar og stimulere til nye arbeidsplassar knytt til reiseliv, havbruk og marine næringar.
- Skape nye arbeidsplassar gjennom etablering av opplærings-, opplevings-, kurs og helsetilbod basert på natur- og kulturgitte geografiske fortrinn.
- Legge til rette for fjernarbeid for innbyggjarar med yrker som ikkje er stadtilknytt og med kunst- og kultur, og maritime landtidspendlaryrker som viktige målgrupper.
- Sjå på nye måtar å løyse rekrutteringsutfordringane innan helsesektoren.

### *Infrastruktur*

Både Fedje og Solund er reine øykommunar som er avhengig av eit godt fungerande samferdsletilbod for tryggleiken sin del, og for at lokalsamfunna skal fungere. Dersom ferjene vert innstilt vert lokalsamfunna lamma, og det fører til dømes til ein høg kostnad for lokalt næringsliv. I tillegg har ferjene våre avgrensa opningstid, og til dels lang overfart slik at det er lang tid mellom avgangane. Dette er eit tema som ofte er på agendaen med Vestland Fylkeskommune, og ein ynskjer å sjå spesielt på dette saman med fylkeskommunen. Dette er eit tema som delvis kan gje raske resultat som vil merkast i samfunnet.

I prosjektet ynskjer vi å arbeide med å sikre eit betre infrastrukturtilbod som gjer at det føreseieleg, er lettare og billegare å drive verksemd i kommunane våre, opplevast tryggare og det er lettare å pendle til arbeid inn og ut av kommunane.

Aktuelle tiltak/ strategiar:

- Sjå på alternative måtar å sikre regularitet for ferjesambanda.
- Sjå på nye transportruter for å sikre akseptable vilkår for pendlarar og næringsliv.
- Samarbeide med nabokommunar, organisasjonar og næringslivet om lokale prioriteringar for å få samferdsletiltak inn i overordna styringsdokument.

### *Rekruttering*

Både i Solund og Fedje opplever både kommunen og verksemder at det kan vere vanskeleg å rekruttere personell med riktig kompetanse til ledige stillingar. Vi ynskjer å bruke fase 2 til å gjere kommunane våre meir kjent og vise fram kvalitetane våre, for slik å gjere oss meir attraktive for arbeidssøkjarar. Vi ynskjer også i endå større grad stimulere til vidareutdanning og kompetanseheving blant tilsette som allereie er i kommunane, både internt i kommunane og i andre bedrifter. Begge kommunane er høgaktuelle som fjernarbeidsplassar og å legge til rette for dette er også eit tema for søknaden, gjerne med kunst- og kultur og maritime landtidspendlaryrker som viktige målgrupper. Dette er eit tema som vert vurdert å kunne gje raske resultat. På dette temaet er Framtidsfylket og Distriktssenteret aktuelle samarbeidspartar. Sistenemnte var nyleg i Solund og diskuterte tverrsektorielt arbeid, saman med Vestland fylkeskommune og NORCE.

Vi ser at for å vere attraktive for næringsutvikling, tilflytting og rekruttering av arbeidskraft så må vi arbeide for at den næringane vi har vert berekraftig og grøn. Det same gjeld nye etableringar, der ein må nytte mogelegheitene som ligg i føresetnadane lokalt, i lovverk og stimuleringstiltak. Dei unge arbeidstakarar set andre forventingar til jobben enn vi har vore vane med. Dei unge forventar og andre typar jobbar; dei jobbar for å leve, dei lever ikkje for å jobbe. Her skjer det eit paradigmeskifte som er viktig å ta omsyn til når vi ynskjer ungdommane som flyttar ut av kommunen for å ta utdanning, tilbake til kommunen. Dette gjeld spesielt kvinner. Høgt utdanna kvinner kjem ikkje så lett tilbake til Solund og Fedje. Dette gjer og noko med den demografiske utviklinga i kommunane. Det er vanskeleg å bygge opp eit variert tilbod av arbeidsplassar i ein liten øykommune, så vi treng verktøy for å finne gode løysingar på dette. Eit pilotprosjekt kan være å lage eit kontorfellesskap der tilsette som jobbar i verksemder utanfor kommunen kan ha eit arbeidsfellesskap i staden for heimekontor. Kan ein sjå for seg løysingar der ein kombinerer bibliotek med ein «hub» for fjernarbeid?

Framtidsfylket har søkt om midlar til å etablere ein portal for å finne riktig arbeidstakar til rett jobb. Det er ein portal der arbeidssøkjarar kan søke opp ledige stillingar, på plassar med kvalitetar som arbeidssøkjaren etterspør. Ein hukar av kva type jobbe ein er å jakt etter, og kva stadkavlitetar ein er på jakt etter, og får treff basert på dette. Dersom dette prosjektet ikkje får midlar frå ordninga det er søkt om mildar til, kan det vere aktuelt å ta dette prosjektet med i fase 2.

Aktuelle aktivitetar/ strategiar:

- Legge til rette for og stimulere til kompetanseheving hos dei som allereie er tilsette.
- Gjere kommunane meir kjent hos potensielle arbeidssøkjarar, deltidsbuande og livsstilsflyttarar.
- Formidle utviklingsarbeid i ulike media på ein slik måte at ein når alle innbyggjarane og andre interesserte.
- Bruke naturkvalitetane i kommunane meir målretta i merkevare- og omdømmebygging i samarbeid med lokale aktørar.
- Halde kontakt med ungdom under utdanning for å synleggjere bu- og arbeidsmoglegheiter.

### *Bustadutvikling*

Kommunane opplever at det vanskeleg for dei som ynskjer å kjøpe seg bustad i distrikta, det handlar om at det ikkje er tilgjengelege bueiningar for sal og verditap på nye bueiningar. Ein trend er at vi lever mykje meir av livet aleine no, til dømes særbuarar, eller at folk bur to plassar, som arbeidspendling. Kanskje det er aktuelt at skatteinntektene skal delast på to kommunar i framtida? Det er difor nødvendig å ha tilgjengelege einingar for utleige, einingar med alternative

finansieringsordningar og alternative bueiningar, for å stø opp nye trendar og motverke økonomiske konsekvensar.

Aktuelle strategiar/ tiltak:

- Pilotprosjekt på attraktive bustadformar og løysingar økonomisk, arealmessig og med omsyn til arkitektur/utforming.
- Sjå på fortetting i utbygde område i strandsona.
- Sjå på mogelegheiter for alternative buformer som er spesielt aktuelle med føresetnadane som Solund og Fedje har.
- Dette er eigentleg eit tiltak på tvers av alle avtaletemaa: Vekke liv att i øykommunesamarbeidet, som har vore litt i dvale siste åra.

## Resultatmål av fase 2:

Målsettingane vil bli spissa i fase 1. Moment som er sentrale er:

- Fleire arbeidsplassar i kommunane knytt til dei grøne satsingane i grøn region Vestland; marine næringar og reiseliv.
- Auka del sysselsette med riktig kompetanse på riktig plass.
- Betre infrastruktur som gir større tryggleik og utvida tilgang til arbeidsmarknad og tenester i sentrale strøk.
- Større mangfald i buformer og finansieringsmodellar av bueiningar.

## Effektmål av fase 2:

Målsettingane vil bli spissa i fase 1. Moment som er sentrale er:

- næringsdrivande og tilflyttarar som etablerer seg permanent fordi dei kjenner seg velkomne og opplever at det er enkelt.
- eit variert og framtidsretta næringsliv som baserer seg på lokalsamfunna sine grunnleggande ressursar i natur og folk.
- innbyggarar, besøkande og næringsliv som deltek i aktivitetar, og skapar aktivitet fordi dei ynskjer å bidra positivt for seg sjølv og andre.
- innbyggarar, besøkande og næringsliv som brukar naturen aktivt på ein berekraftig måte.
- Godt omdøme knytt til eit godt liv, tryggleik, bulyst og attraktivitet som ein motsats til bylivet. Kvalitetar som livskvalitet, folkehelse, tid er godt kjent og kommunisert.
- Kommunane har jobba fram gode stadkvalitetar med primært fokus på Hardbakke og Fedje sentrum.
- Inkludering og mangfald er eit kjenneteikn. "Bygdedyret er dødt" og berekraftsmål 17 førebyggjer einsemd.
- Dei to diamantane yttarst i havet skin og er eit førebilete for berekraftig bygdeutvikling.

# Solund kommune

Saksframlegg

**Arkiv:** K1-234

**ArkivsakID:** 22/513
**JournalpostID:** 23/1511
**Sakshandsamar:** Anne Kristine Dyrdal
**Dato:** 10.05.2023

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 036/23 | FORMANNSKAP | 25.05.2023 |
| 018/23 | KOMMUNESTYRE | 08.06.2023 |

# Dialog om søknad bygdevekstavtale 2023

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Solund formannskap gjev ordførar og kommunedirektør fullmakt til å gå i dialog med andre aktuelle kommunar, og utarbeide og sende inn ein søknad i tråd med Solund kommune sin samfunnsdel, og som fokuserer på:

- Framtidsretta næring;
  - ved utvikling av felles fiskerihamn på Nåra
  - ved utvikling av næringsområde og djupvasskai i Søre Mortevika
  - legge til rette for og skape ringverknader av utbygging av landbasert akvakulturanlegg på Losna
  - skape ringverknader ved ei eventuell etablering av fleire akvakulturlokalitetar i Nord-Solund
  - også andre næringsområder og bedrifter kan vere aktuelle
- Rekruttering av kompetent arbeidskraft
  - Ved å arbeide vidare med rekruttering basert på det arbeidet som er lagt ned så langt
- Busetjing:
  - Legge tilrette for utbygging i nærleiken av næringsareala
  - Bygge bueiningar i kommunesenteret
  - Flytting av ekspressbåtstopp til Hardbakke

Det vert tilrådd å søkje om midlar til:

- utgreiingsarbeid for felles fiskerihamn på Nåra, næringsområde og djupvasskai i Søre Mortevika og bustadbehov
- mogelegheitsstudiar for tiltak som kan skape ringverknader
- midlar til prosjektleiing for avtaleutkastet

**25.05.2023 FORMANNSKAP**

**Handsaming:**

*Votering:*

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FOR-036/23 Vedtak i:**
Solund formannskap gjev ordførar og kommunedirektør fullmakt til å gå i dialog med andre aktuelle kommunar, og utarbeide og sende inn ein søknad i tråd med Solund kommune sin samfunnsdel, og som fokuserer på:

- Framtidsretta næring;
    - ved utvikling av felles fiskerihamn på Nåra
    - ved utvikling av næringsområde og djupvasskai i Søre Mortevika
    - legge til rette for og skape ringverknader av utbygging av landbasert akvakulturanlegg på Losna
    - skape ringverknader ved ei eventuell etablering av fleire akvakulturlokalitetar i Nord-Solund
    - også andre næringsområder og bedrifter kan vere aktuelle
- Rekruttering av kompetent arbeidskraft
    - Ved å arbeide vidare med rekruttering basert på det arbeidet som er lagt ned så langt
- Busetjing:
    - Legge tilrette for utbygging i nærleiken av næringsareala
    - Bygge bueiningar i kommunesenteret
    - Flytting av ekspressbåtstopp til Hardbakke

Det vert tilrådd å søkje om midlar til:

- utgreiingsarbeid for felles fiskerihamn på Nåra, næringsområde og djupvasskai i Søre Mortevika og bustadbehov
- mogelegheitsstudiar for tiltak som kan skape ringverknader
- midlar til prosjektleiing for avtaleutkastet

**08.06.2023 KOMMUNESTYRE**

**Handsaming:**

Representanten Anne Kristine Dyrdal ber kommunestyre vurdere hennar ugildskap i saka.
Kommunestyre finn representanten ugild etter kommunelova § 11-10, 2. ledd.
Representanten deltok ikkje i vurdering av eiga gildskap.

*Votering:*

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KOM-018/23 Vedtak i:**
Solund formannskap gjev ordførar og kommunedirektør fullmakt til å gå i dialog med andre aktuelle kommunar, og utarbeide og sende inn ein søknad i tråd med Solund kommune sin samfunnsdel, og som fokuserer på:

- Framtidsretta næring;
    - ved utvikling av felles fiskerihamn på Nåra

    - ved utvikling av næringsområde og djupvasskai i Søre Mortevika
    - legge til rette for og skape ringverknader av utbygging av landbasert akvakulturanlegg på Losna
    - skape ringverknader ved ei eventuell etablering av fleire akvakulturlokalitetar i Nord-Solund
    - også andre næringsområder og bedrifter kan vere aktuelle
- Rekruttering av kompetent arbeidskraft
    - Ved å arbeide vidare med rekruttering basert på det arbeidet som er lagt ned så langt
- Busetjing:
    - Legge tilrette for utbygging i nærleiken av næringsareala
    - Bygge bueiningar i kommunesenteret
    - Flytting av ekspressbåtstopp til Hardbakke

Det vert tilrådd å søkje om midlar til:

- utgreiingsarbeid for felles fiskerihamn på Nåra, næringsområde og djupvasskai i Søre Mortevika og bustadbehov
- mogelegheitsstudiar for tiltak som kan skape ringverknader
- midlar til prosjektleiing for avtaleutkastet

**Vedlegg i saka:**
10.05.2023 Tilskotsordning for utprøving av bygdevekstavtalar 26.04.22

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Tilskotsordning for utprøving av bygdevekstavtale

**Kva saka gjeld:**

Søknad om pilotprosjekt Bygdevekstavtale.

**Saksutgreiing:**

Regjeringa har lyst ut tilskotsmidlar til pilotordning for utprøving av bygdevekstavtaler som eit distriktspolitisk verkemiddel. Det ligg inne 15 millionar til ordninga, for tildeling i denne omgang. Målet med ordninga er å bidra til busetjing, sikre tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av Distrikts-Noreg. Det er kommunar i sentralitetsklasse 5 og/eller 6 som kan søkje, men kommunar med i sentralitetsklasse 4 kan også delta saman med med desse. Departementet oppfordrar til samarbeid mellom kommunane. Kommunane må ha felles ambisjon om å ta tak i felles utfordringar og mogelegheiter, og med utgangspunktet i desse forplikte seg gjennom ein avtale med staten til å gjennomføre konkrete og målretta tiltak for å ta tak i/ handtere desse. Samarbeid vert også framheva av Statsforvaltaren i Vestland. Det er verdt å merke seg at det vert søkt om midlar til å førebu forslag til bygdevekstavtale mellom staten og Solund, og at ein gjennom den prosessen kan gjere endringar på detaljane i prosjektet.




*Oversikt over fasene i utprøving av bygdevekst Foto: KDD*

Solund kommune søkte i 2022, men nådde ikkje opp. Alle kommunar som søkte i fjor er oppmoda om å søkje att i år. Midlane vart lyst ut 16. mars med søknadsfrist 23. juni. Framlegg til søknad er ikkje utarbeida endå, men det er eit krav at søknaden er handsama av kommunestyret. Administrasjonen vil kunne orientere ytterlegare i kommunestyremøte 8. juni.

Det er mykje som skjer i Solund kommune for tida og dei neste åra. Brubygging over Ytre Steinsund, djupvasskai og næringsområde i Søre Mortevika, fellesprosjekt med fiskerikai, utbygging av landbasert anlegg på Losna, og mogelege nye lokalitetar for laks, aure og sjøaure i Nord-Solund. Alle desse utviklingsprosjekta må seiast å vere framtidsretta og må sjåast i samanheng. Det vil bli ein stor jobb å følgje opp, koordinere og ha framdrift i desse prosjekta. I tillegg jobbar Solund kommune og andre aktørar målretta med rekruttering av kompetent arbeidskraft allereie, og dette behovet vil bli endå meir aktualisert med alle dei nye utviklingsprosjekta på agendaen. Med auka aktivitet, auka tal arbeidsplassar og auka rekruttering, vil bidra til busetjing. Dette vil gjere at ein avtale basert på dette vil oppfylle formåla med bygdevekstavtale til fulle. Det er likevel behov for å finne ein samarbeidskommune som har liknande problemstillingar. Revisjon av samfunnsdelen kan også vere eit tema i søknaden.

Solund kommune legg til grunn at søknaden må vere i samarbeid med andre kommunar og administrasjon jobbar utifrå dette.

**Vurdering:**

Kommunedirektøren vurderer at ordninga med bygdevekstavtaler treffe Solund kommune godt og tilrår at kommunestyret gjev si tilslutning til å gje mandat til ordførar og kommunedirektør til å gå i dialog med aktuelle kommunar og til å sende inn ein søknad Solund kommune sin samfunnsdel. Det vert vidare tilrådd å sende ein søknad som fokusere på:

- Framtidsretta næring;
    - ved utvikling av felles fiskerihamn på Nåra
    - ved utvikling av næringsområde og djupvasskai i Søre Mortevika
    - legge til rette for og skape ringverknader av utbygging av landbasert akvakulturanlegg på Losna
    - skape ringverknader ved ei eventuell etablering av fleire akvakulturlokalitetar i Nord-Solund
    - også andre næringsområder og bedrifter kan vere aktuelle
- Rekruttering av kompetent arbeidskraft
    - Ved å arbeide vidare med rekruttering basert på det arbeidet som er lagt ned så langt
- Busetjing:
    - Legge tilrette for utbygging i nærleiken av næringsareala

    - Bygge bueiningar i kommunesenteret
    - Flytting av ekspressbåtstopp til Hardbakke

Det vert tilrådd å søkje om midlar til:

- utgreiingsarbeid for felles fiskerihamn på Nåra, næringsområde og djupvasskai i Søre Mortevika og bustadbehov
- mogelegheitsstudiar for tiltak som kan skape ringverknader
- midlar til prosjektleiing for avtaleutkastet

Fedje kommune

# Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Berit Karin Rystad | FE-026 | 23/320 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 050/23 | Formannskapet | PS | 19.09.2023 |
| 049/23 | Kommunestyret | PS | 28.09.2023 |

Søknad om bygdevekstavtale 2024-2027

Vedlegg:
Tilskotsordning for utprøving av bygdevekstavtalar
Vedlegg søknad om bygdevekstavtale 23.06.23
Søknad bygdevekstavtale 2023

**Saksutgreiing**:
**Saksopplysningar**

Regjeringa har lyst ut tilskotsmidlar til pilotordning for utprøving av bygdevekstavtaler som eit distriktspolitisk verkemiddel. Det ligg inne 15 millionar til ordninga. Målet med ordninga er å bidra til busetjing, sikre tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av Distrikts-Noreg. Det er kommunar i sentralitetsklasse 5 og/eller 6 som kan søkje, men kommunar med i sentralitetsklasse 4 kan også delta saman med desse. Departementet oppfordrar til samarbeid mellom kommunane. Kommunane må ha felles ambisjon om å ta tak i felles
utfordringar og mogelegheiter, og med utgangspunktet i desse forplikte seg gjennom ein avtale med staten til å gjennomføre konkrete og målretta tiltak for å ta tak i/handtere desse. Samarbeid vert også framheva av Statsforvaltaren i Vestland.

Fedje kommune søkte i 2022 om å få delta i bygdevekstavtale med kommunal- og distriktsdepartementet utan å nå opp (sak 22/345, saksnr. 071/22, 042/22). Alle kommunar som søkte i fjor er oppmoda om å søkje att i år. Midlane vart lyst ut 16. mars med søknadsfrist 23. juni.

Søknaden i 2022 var eit samarbeid mellom Fedje og Solund kommune. Det er lyst ut ny runde med Bygdevekstavtale der det er lagt stor vekt på eit forpliktande samarbeid mellom kommunar. Fedje og Solund har difor utarbeidd ein felles søknad som er basert på felles utviklingstrekk, og der vi i større grad kan hjelpe kvarandre gjennom felles problemstillingar.

**Tema for søknaden:**
- Ei framtidsretta næringsutvikling basert på våre fortrinn sett i samanheng med regionale og nasjonale planar
- Betring av infrastrukturen til øysamfunna våre
- Rekruttering av riktig kompetanse og lokale tiltak for kompetanseheving
- Bustadutvikling øykommunar i distriktet ei ny tid.

Søknad er sendt inn innan fristen 23.6.23. Det er eit krav at søknaden er handsama av kommunestyret. Fedje kommune hadde sitt siste kommunestyremøte 15. juni og søknaden var ikkje ferdig då. Difor blir denne saka handsama i fyrste møte etter sommarferien.

**Vurdering**
Kommunedirektøren vurderer at ordninga med bygdevekstavtaler treff Fedje kommune godt, og rår til at kommunestyret gjev si tilslutning til å sende inn ein søknad saman med Solund kommune om å få delta i utarbeiding av ein bygdevekstavtale.

Folkehelse
Ein Bygdevekstavtale vil bidra til ei positiv utvikling på Fedje som kjem alle til gode
Miljø
Ikkje relevant
Økonomi
Prosjektet kan gi fleire innbyggjarar og større skatteinntekter til kommunen og betre den økonomiske situasjonen i kommunen

**Konklusjon**
Fedje kommune søkjer saman med Solund kommune om å få være med i utarbeiding av bygdevekstavtale 2024-2027

**Forslag til vedtak:**
Kommunedirektøren rår til at Fedje kommune søkjer om å bli med i pilotprosjekt Bygdevekstavtale 2024-2027 saman med Solund kommune

Formannskapet - 050/23

F - **behandling**:

F - **vedtak**:
Kommunedirektøren rår til at Fedje kommune søkjer om å bli med i pilotprosjekt Bygdevekstavtale 2024-2027 saman med Solund kommune.
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 049/23

K - **behandling**:

K - **vedtak**:
Kommunedirektøren rår til at Fedje kommune søkjer om å bli med i pilotprosjekt Bygdevekstavtale 2024-2027 saman med Solund kommune.
Samrøystes vedteke.

DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Ifølge liste

| Deres ref | Vår ref | Dato |
|---|---|---|
| | 23/1633-45 | 10. januar 2024 |

## Statsbudsjett 2024 - Tilskuddsbrev utprøving av bygdevekstavtaler

**Innledning**
Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) viser til innsendt søknad, og takker for interessen for deltakelse i pilotordningen bygdevekstavtaler. Vi mottok totalt 17 søknader fra 9 fylker. Alle søknadene kvalifiserte til vurdering.

Etter en helhetlig vurdering har KDD valgt ut fem piloter i pulje 2:

- Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje
- Trysil, Våler, Åmot og Engerdal
- Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen
- Smøla og Aure
- Solund og Fedje

KDD vil invitere til et politisk og administrativt felles digitalt oppstartsmøte i februar. I møtet vil dere få mer informasjon om prosessen videre. Under følger en mer detaljert beskrivelse av mål for tilskuddsordningen, og hvordan tilskuddsordningen skal bidra til å understøtte fase 1 av prosessen med å forberede forslag til eventuell avtale med staten.

**Pilot utprøving av bygdevekestavtaler (kap. 553. post 66)**

Departementet følger med dette brevet opp budsjettvedtaket fra Stortinget jf. Innst. 16 S (2023-2024). Brevet omfatter tilskudd over kap. 553, post 66 *utprøving av bygdevekstavtaler*. Hensikten med tilskuddet er blant annet å samordne virkemidler og aktører innenfor eksisterende økonomiske rammer.


| Postadresse | Kontoradresse | Telefon* | Avdeling | Saksbehandler |
|---|---|---|---|---|
| Postboks 8112 Dep | Akersg. 59 | 22 24 90 90 | Regionalpolitisk | Ellinor Kristiansen |
| 0032 Oslo | | Org.nr. | avdeling | 22 24 70 26 |
| postmottak@kdd.dep.no | www.kdd.dep.no | 972 417 858 | | |

Hver pilot har søkt om inntil 2 mill. kroner til fase 1. I denne fasen skal pilotene arbeide med å forberede underlaget til et konkret forslag til avtale med staten, i dialog med relevante samarbeidsparter og KDD som koordinerende part på vegne av regjeringen. Disse midlene kan brukes i 2024 og 2025.

For detaljene i ordningen viser KDD til Prop. 1 S Tillegg (2021–2022) *om endringer i statsbudsjettet 2022 for Kommunal- og distriktsdepartementet som følge av regjeringsskifte,* Prop. 115 S (2021-2022) samt utlysningen av ordningen.

**Mål og kriterier**
Målet for ordningen er å bidra til bosetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og fremtidsrettet næringsutvikling i de minst sentrale deler av Distrikts-Norge. Målgruppen er de minst sentrale distriktskommunene.

*Nærmere om føringer for bevilgningen*
Med denne utlysningen kan det bevilges støtte til fase 1 som innebærer å:
- understøtte ulike deler av prosessen før inngåelse av eventuell bygdevekstavtale
- oppdatere kommuneplanens samfunnsdel dersom dette ikke foreligger på søknadstidspunkt hos de deltakende kommunene
- utforme utkast til avtale og tilhørende underlag om utfordringer, som skal oversendes KDD innen 29. november 2024. Endelig utkast til avtale skal behandles av kommunestyrene.

Midlene kan for eksempel brukes til å dekke utredningsarbeid eller prosjektledelse, både i form av andeler lønnsutgifter for egne ansatte/midlertidig ansatte og/eller som offentlige anskaffelser av ekstern bistand. Et eksempel kan være kunnskap og kompetanse som kan bidra til å spisse utfordringer og identifisere nye løsninger. Samtlige av pilotene i pulje 1 benyttet tilskuddsordningen til å ansette en prosjektleder for arbeidet med avtaleutkastet. Dette har vist seg å være et viktig grep for å sikre både kompetanse og fremdrift i arbeidet.

*Begrensinger for tilskuddet*
Det kan ikke gis støtte til (uavhengig av fase):
- Ordinære driftskostnader i kommunen, frikjøp av politiske ressurser, bedriftsutvikling, direkte støtte til næringsvirksomhet og/eller private aktører.
- Kostnader i prosjektet som vil være å betegne som statsstøtte etter EØS-reglene. Slike kostnader vil bli holdt utenfor tilskuddsgrunnlaget.

**Forventninger til fase 1**
Aktivitetene i fase 1 skal bidra til å utarbeide forslag til avtale med staten. Avtaleforslaget og tilhørende underlag om utfordringene, skal inneholde:

- en beskrivelse av tverrsektorielle tema(er) på tvers av forvaltningsnivåer som kommunene ønsker å samarbeide med staten om å løse,

- en begrunnelse/underlag for valg av tema, med utgangspunkt i utviklingsmuligheter og utfordringer for aktuelle kommuner,
- forslag til handlingsplan til aktiviteter/tiltak, kostnader, aktører og ansvarsfordeling, mål og kriterier for måloppnåelse,
- en beskrivelse av kobling til aktuelle regionale og kommunale planprosesser,
- en vurdering av hvordan avtalens mål kan bidra til å nå det målet for ordningen med bygdevekstavtaler.

Dersom det ikke foreligger oppdatert samfunnsdel av kommuneplan hos deltakende kommuner, må kommunene vurdere planbehovet før avtaleinngåelse med staten. Her har fylkeskommunen en viktig rolle som planfaglig veileder overfor kommunene.

Dersom arbeidet i fase 1 fører frem til en avtale, vil det åpnes for medfinansiering for gjennomføring av bygdevekstavtale med staten (fase 2). Finansiering av konkrete tiltak i fase 2 må avgrenses fra driftsfinansiering av kommunale tjenester og ansvarsområder, men kan inkludere finansiering av personell dedikert til oppfølging av avtalen og utviklingsoppgaver som inngår i avtalen.

**Kontrolladgang og reaksjoner**

Departementet kan føre kontroll med at midlene benyttes etter forutsetningene som er fastsatt ved Stortingets behandling og spesifisert i regelverk og tilskuddsbrev, jf. Bevilgningsreglementet § 10. Departementet kan også be om ytterligere redegjørelse og dokumentasjon dersom departementet anser det som nødvendig for å fastslå at midlene har gått til å oppfylle formålet med ordningen.

Midlene betales etterskuddsvis, basert på dokumenterte utgifter. Dersom tilskuddet ikke benyttes i tråd med forutsetningene og krav i regelverk og tilskuddsbrev, kan departementet kreve hele eller deler av tilskuddet tilbakebetalt, samt stanse fremtidige utbetalinger.

**Fylkeskommunens og statsforvalters roller**

Departementet vil invitere aktuelle fylkeskommuner og statsforvaltere til å delta i en ressursgruppe for piloten som er valgt i deres region, for å bidra med veiledning og dialog i tråd med oppgaver og ansvar de har i dag. Vi har god erfaring med ressursgruppen som ble etablert i forbindelse med pulje 1 av piloter. Hvordan ressursgruppen skal organiseres og funksjon til gruppen må vi komme tilbake til etter nærmere dialog med de aktuelle aktørene.

Som del av utprøving av ordningen vil departementet også invitere aktuelle fylkeskommuner og statsforvaltere til å samarbeide om deres roller og bidrag til fase 2, herunder deres bidrag til innholdet i eventuelle avtaler.

**Rapportering, evaluering og kontroll**

Piloten skal sende KDD en revisorattestasjon (avtalte kontrollhandlinger) på at kommunen har benyttet midlene i tråd med innholdet i dette brevet, etter hele den treårige pilotordningen. KDD vil sende eget brev om dette når det nærmer seg.

Det vil i tillegg bli lagt opp til en enkel delrapportering der KDD ønsker følgende verbalrapportering i regionalforvaltning.no innen 30.juni 2024:

- Et underlag om utfordringene som ligger bak de prioriterte temaene dere ønsker å samarbeide med staten om – og et mål for avtalen
- Utkast til avtale med staten med identifisering av aktuelle samarbeidspartnere og avtaleparter.
- Hvordan temaene og forslagene til aktiviteter henger sammen med kommunale og regionale planer/planprosesser
- Vurdering av hvordan målet i avtalen kan bidra til å nå målene for ordningen.

**Avslutning**

Vi ber om at kommunen orienterer deltakerne i samarbeidet om innholdet i dette brevet, og ønsker kommunene lykke til med arbeidet.

Med hilsen

Kristin Marie Felde (e.f.)
ekspedisjonssjef

Ellinor Kristiansen
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Kopi

Aure kommune
Engerdal kommune
Engerdal kommune
Fedje kommune
Innlandet fylkeskommune
Statsforvalteren i Innlandet
Fyresdal kommune
Innlandet fylkeskommune
Kviteseid kommune
Kvænangen kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nissedal kommune
Nordreisa kommune
Seljord kommune
Skjervøy kommune
Statsforvaltaren i Vestland
Statsforvalteren i Innlandet
Engerdal kommune

Statsforvalteren i Møre og Romsdal
Engerdal kommune
Statsforvalteren i Troms og Finnmark
Engerdal kommune
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Engerdal kommune
Telemark fylkeskommune
Engerdal kommune
Tokke kommune
Engerdal kommune
Troms fylkeskommune
Engerdal kommune
Troms og Finnmark fylkeskommune
Engerdal kommune
Vestfold og Telemark fylkeskommune
Engerdal kommune
Vestland fylkeskommune
Engerdal kommune
Våler kommune
Engerdal kommune
Åmot kommune
Engerdal kommune
Telemark fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvalteren i Møre og Romsdal
Vestland fylkeskommune
Statsforvalteren i Vestland
Troms fylkeskommune
Statsforvalteren i Troms og Finnmark

Adresseliste

| | | | |
|---|---|---|---|
| Gáivuotna - Kåfjord - Kaivuono kommune | Postboks 74 | 9148 | OLDERDALEN |
| Smøla kommune | Postboks 34 | 6571 | SMØLA |
| Solund kommune | Hardbakke 26 | 6924 | HARDBAKKE |
| Trysil kommune | Postboks 200 | 2421 | TRYSIL |
| Vinje kommune | Vinjevegen 192 | 3890 | VINJE |